

Torgeir Oma  
Gamle Drammensvei 204  
1337 SANDVIKA

Sandvika, 1. november 2021

« **Forespørsel vedrørende fastsetting av skattegrunnlaget** »

14. oktober mottok eg eit rundskriv med overskrifta ovanfor. Skrivet er vedlagt (kaffeflekken på det er mi skuld). Det er datert 06.10.2021 og har svarfrist 21.09.2021.

Dersom dette skrivet kjem frå Skatteetaten, ber eg om ein meir forståeleg klårgjering av kva etaten ber om, gjerne med skrift som er så stor at ein gamal mann på 75 kan lese utan å bruke forstøringsglas.

Når eg undrast på om rundskrivet kan vere ekte, er det særleg fordi det er datert om lag to veker *etter* svarfristen. Dessutan har eg motteke skatteoppgjeret for 2020 (som skrivet visstnok spør etter opplysningar til), og den summen eg skulle få att, er komen inn på bankkontoen min. Vidare er e-post oppgitt som den einaste måten å kontakte den som står som som sakshandsamar, medan eg har reservert meg mot digital kontakt med det offentlege.

Med helsing

Torgeir Oma

Vedlegg: 1